

kultur

Tips: 95 400 400 • kultur@smp.no • sentralbord 70 12 00 00



SATYRICON: Snart på en brusfabrikk nær deg!

● Trandalblues

Feira 10 år med lokale heltar



Side Brok og Bokkereidars leverte eit heidundrandes show på Trandalblues.

Laurdag var siste festivaldag for jubilanten Trandalblues. På programmet stod blant anna dei lokale heltane Side Brok og Bokkereidars Bluesband.

– Det er fantastisk å spele her, seier Svein Hunnes i Bokkereidars.

Før tre år sidan spelte dei på Trandalblues, og dei føler seg heidundrande av å kunne spele på ti-årsjubileumet.

– Det er eit engasjert og bra publikum. Det kan ikkje bli bedre. Vi er heldige som får kome tilbake, seier Runar Gudvanson i Side Brok.

–Like uhøgtidlege

Bokkereidars frå Volda er eit åttetmannsband med blåsarrekkeje som spelar soul, rythm og blues på norsk. Medan Side Brok er ein rap-duo frå Hovdebygda. Konsernet under årets Trandalblues er fjerde gong dei to gruppene slår seg saman. Både Side Brok og Bokkereidars tykkjer det er ein loye kombinasjon.

– Vi er jo språkleg like med dialekt. Så er det spennande å kople rap og blues. Det fungerer tekstmessig og musikalsk.



GAV ALT: Bokkereidars Bluesband gav alt på scena laurdag.

– Det er noko av det kulaste eg har sett på lenge. Eg manglar adjektiv. Side Brok og Bokkereidars er kjent for alle her. Kombinasjonen med dei to banda fungerer fantastisk, seier Haugen.

Det er andre år på rad at ho besøker festivalen.

– Det er ein absurd plass å ha festival, men det er ein koseleg festival, meiner ho.

60 ulike band på ti år

På den tredje dagen av festivalen var det livleg stemning der folk koste seg med musikk og dans. Styreleiar Terje Myklebust i Bratt og Blått seier dei er fornøgd med feiringa av ti år.

– Vi ønska å gi noko tilbake til dei som kjem hit år etter år. Det var derfor vi utvida festivalen med den tredje dagen, fortel han.

I år har dei invitert tilbake enkelte artistar som tidlegare har spelt på festivalen.

– Når vi skulle setje opp line-upen i år var det som å gå ned «memory lane». Vi har hatt 60 ulike band i løpet av desse ti åra, seier Myklebust.

ANETTE SIVERTSTØL

anette.sivertstøl@smp.no



LEVERTE SHOW: Bokkereidars Bluesband og Side Brok leverte show til vill jubel frå publikum.



NØGD: Kyrre Grimstad, Terje Myklebust og Arne Moe er nøgd med 10-årsfeiringa.



GOD STEMNING: Festivaldeltakarane kosa seg under årets Trandalblues.

Svart ananasbrus?

Skyhøyt vil at Satyricon skal spille i brusfabrikken i Molde.

Det norske black metal-bandet Satyricon skal spille i Molde 12. november.

Konsertstedet blir derimot

ikke særlig tradisjonelt om Pål Henning Ilstad i Skyhøyt Live Scene får viljen sin.

– Vi har vært i kontakt med Oskar Dag Sylte jr. om å få bruke brusfabrikken, og han er med på notene, sier han til Rbnett.

Det er fortsatt noen detaljer

om avtalen er helt på plass.

Skyhøyt Live Scene er en avart

av den nystartede Skyhøyt-festivalen i Molde.

Selje Skyhøyt går av stabelen i Molde i slutten av august, med artister som Nico & Vinz, Røyksopp og Kvelertak.

HOGNE BØ PETTERSEN

hogne.petterson@smp.no

Vant pris

MK's Marvellous Medicine vant Bratt og Blått-prisen.

Bergensbandet med Kristin Marie Dale i spissen, vant pris under Trandalblues, og i bandet er ålesunderen Stian Brungot.

– Jeg er veldig glad og stolt over å ha bidratt til at vår bandleder og primus motor vinner en pris, og ekstra stas var jo det at prisen ble gitt i hjemstrakte. Kvelden ble kronet med å få lov til å avslutte selve festivalen, og i vakre naturskjønne sunnmørske omgivelser fikk vi nok litt ekstra energi, skriver Brungot i en e-post til Sunnmørsposten.

Prisen blir tildelt den personen, artisten, gruppa eller organisasjonen nemnda i Bratt og Blått mener har gjort seg fortent til en eksklusiv pris.



PRISVINNERE: MK's Marvellous Medicine.

Dale har med MK's Marvellous Medicine tidligere vunnet Spellemannsprisen i kategorien blues.

ANETTE SIVERTSTØL

anette.sivertstøl@smp.no

NRK P2 tilbake i Molde

Etter noen års fravær er radiokanalen tilbake på Moldejazz med direktesendinger.

– De sendte direkte fra Alexanderparken i jazzuka tidligere også. Vi har jobbet for å få dem tilbake igjen, og i år kommer de, sier produsent i Moldejazz Therese Østby Haugen til Rbnett.

Radiokanalen skal sende musikk og intervjuer torsdag og fredag fra kl. 14 til 15.

I dagene før er det journalist Arild Rønsen fra festivalavisen Fire Flate som skal ha livesending med gjester og intervjuer.

I år blir det også quiz. Sigurd Ringstad, moldemann som driver eget eventselskap i Oslo, arrangerer og gir folk mulighe-



TILBAKE: NRK P2 er tilbake på Moldejazz, som i gamle dager.

ten til å delta via den populære nettjenesten Kahoot.

HOGNE BØ PETTERSEN

hogne.petterson@smp.no

Strategi for festivalar

Sogn og Fjordane har laga sin første festivalstrategi som ein del av fylkeskommunens satsing på kultur.

Strategien gjer det blant anna lettare for festivalane å søke støtte for meir enn eitt år om gongen.

– Vi har ambisjonar for våre festivalar, noko som kjem fram gjennom ein slik aktiv og medviten strategi, seier fylkesdirektør for næring og kultur, Jan Heggheim i ei pressemelding.

Dei prioriterte festivalane er Malakoff rockfestival, Fordefestivalen, Norsk Countrytreff, Nynorske Litteraturdag, Gloppe Musikkfest og Teaterfestivalen i Fjaler.

Festivalstrategien er ein del



STØTTAST: Malakoff rockfestival. Foto: INGEBJØRG NILSEN STOKKENES

av den regionale kulturplanen som skal gjelde frå 2019.

HERMAN RINGSTAD

herman.ringstad@smp.no